



Heile 12 personar møtte fram til den fyrste samlinga i dugnadsgruppa.

**12 personar møtte fram til den fyrste samlinga i det som vert kalla Dugnadsgruppa i Uskedalen. På Haugland tok initiativet slik at det som lenge har vore ein tanke, vart til handling. I drøftinga i kveld i Gamleskulen kom det fram gode tankar om orgaisering og konkrete arbeidsoppgåver. Dugnadsgruppa legg opp til ein fast arbeidsdag i veka med frammøte i sentrum kl. 09.30.**

Steinar Haugland frå Turgruppa i Idrettslaget orienterte om aktuelle arbeidsoppgåver og status for ulike frivillige prosjekta i Uskedalen. Det er nok å nemna:

- Område rundt Kunstgrasbanen med rydding, slått og evt. nytt gjerde mot naboane på Neset
- Idrettsbanen på Heio med vedlikehald og oppgradering av løpebanen og sektorane
- Turstiane med rydding, merking og skilting
- Turplassar med gapahuk der ein kan gå fram til eit mål. Flåtene og Halsatoppen vart nemnde
- Den gamle vegen til Rød
- Under og langs høgspanten ned dalen der det alt er opparbeidd ein trase etter arbeidet med skifte av stolpar
- Det med å få stadnamna på kart og på informasjonstavler vart også drøfta.

Dugnadsgruppa var etter samlinga alt i kveld på synfaring ved kunstgrasbanen og aktivitetsområde rundt. Med dette har Uskedalen ei dugnadsgruppe som vil gjera førefallande praktisk arbeid av allmenn interesse.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal